

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 27.03.2007  
Sakhandsamar: Ingvill Skogseth  
Saka gjeld: **Årsmelding 2006 frå pasientomboda i Helse Vest**

## Arkivsak

2005/128/025

**Styresak 031/07 O**

**Styremøte 11.04. 2007**

---

## Bakgrunn

Pasientomboda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har lagt fram årsmelding for 2006. Årsmeldinga er lagt ved.

## Kommentarar

Pasientomboda gjer eit viktig arbeid for å ivareta pasientane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta. Gjennom dette arbeidet får pasientomboda også viktig kunnskap om tenestene som er viktig i samband med utvikling av kvaliteten på tenestene.

Frå og med 2003 er det etablert nasjonal statistikk for pasientomboda. Denne viser at talet på registrerte førespurnader i Helse Vest i høve til innbyggjartalet ligg under landsgjennomsnittet. Samla har omboda i Helse Vest registrert 2133 førespurnader i 2006. Dette er 211 fleire saker enn året før, ein auke på 11 %.

Det har også blitt fleire av førespurnadene som gjeld kommunehelsetenesta som no er omfatta av ordninga. Dette blei programfesta i Soria-Moria erklæringa.

Pasientane er i hovudsak nøgde med helsetenestene dei får. Pasientomboda kjem i kontakt med pasientar som på ein eller annan måte har fått ein skade på sjukehus i samband med manglande diagnostisering eller feil behandling eller av anna grunn er misnøgd med tilbodet.

Årsmeldinga gir ei oversikt over omfanget av dei ulike tema hos det enkelte ombod. Pasientskade er den hyppigaste nemnde problemstillinga. Innvendingar i høve behandlingsforløpet generelt (heilskapleg, omsorgsfull behandling) og problemstillingar knytt til diagnostisering, er tema som også går igjen. Både i Hordaland og Rogaland har det vore relativt større auke i saker som gjeld kreftpasientar enn den generelle auken i talet på saker. Problema desse pasientane har tatt opp er særleg; ventetid, for sein diagnostisering og manglande informasjon.

I årsmeldinga er det fokusert på problemstillingar knytt til pasientrettar og til pasienttryggleik. Pasientomboda peikar på at det fortsett er behov for betre kommunikasjon i møte med spesialisthelsetenesta og at helsepersonell blir meir medvitne om pasientane sine rettar i høve til lova om pasientrettar. Pasientomboda peikar på konkrete tiltak i høve til:

## **Fritt sjukehusval**

Pasientomboda peikar på at ordninga med fritt sjukehusval kan bli enno betre enn kva tilfelle er i dag. Ikkje minst gjeld det at fastlegane ikkje informerer aktivt om ordninga. Det kjem fram at pasientane i større grad enn tidlegare ikkje berre vurderer ventetid når dei vurderer å bruke fritt sjukehusval. Dei er i aukande grad også opptekne av kvaliteten. Pasientomboda oppfordrar til å gje god og lett tilgjengeleg pasientinformasjon.

## **Rett til nødvendig helsehjelp**

Pasientomboda har registrert at spørsmål om rett til nødvendig helsehjelp er eit tema som har auka med 23 % siste året. Det viser at pasientar er opptekne av kva rettar dei har og at dei i mange høve har vanskar med å få innfridd denne retten. Pasientane er også oppteken av kvaliteten på dei ulike tenestene. Dei ønskjer ei fagleg god teneste med gode system og rutinar og ei teneste der dei blir møtt med forståing og respekt.

## **Individuell behandlingsfrist**

Med rett til nødvendig helsehjelp skal det setjast ein frist for når helsehjelpa skal bli gitt den enkelte pasient. Fristen skal setjast ut frå kva som er medisinsk forsvarleg for når helsehjelpa seinast skal ytast. Pasientomboda registrerer at det blir gjort ulike vurderingar ved fastsetting av slik frist, samt at det sjeldan vert gjort nye vurderingar under utgreiing og behandlingsforløp. Eit problem pasienten møter er at sjølv om behandlinga blir sett i gang innan fristen, kan det bli mykje ventetid i behandlingsperioden utan at ny vurdering blir gjort.

## **Rusvern**

I Rogaland har det vore ein auke i førespurnadene innan rusfeltet. Pasientane er kritiske til kvaliteten på det behandlingstilbodet dei får, praktiseringa av legemiddelassistert rehabilitering (LAR) og forhold ved opphald i behandlingsinstitusjonar. Pasientomboda gjentar tidlegare oppfordring om betre kvalitetssikring frå bestillarsida.

## **Psykiatri**

I Hordaland har det vore forholdsmessig stor auke i talet på førespurnader innan psykiatri, ein auke på 32,5 %. I dei langt fleste tilfella gjeld førespurnadene: rett til nødvendig helsehjelp (å få behandling), innhaldet i behandlinga, mangelfull informasjon til pasient og pårørande og tvang. Fleire pasientar som får rett til nødvendig helsehjelp og som får denne innan den fastsette fristen, opplever at den hjelpa dei får ikkje er tilstrekkeleg, som til dømes at polikliniske konsultasjonar er for sjeldne. Pasientombodet stiller spørsmål ved om hjelpa då er fagleg forsvarleg.

## **Samarbeid/konkurrerende føretak**

Omboda har i tidlegare årsmelding peika på dette problemet. Dei har inntrykk av at terskelen for å tilvise pasientar vidare til andre sjukehus med meir spesialiserte tilbod er blitt høgare enn før. Det ligg føre fleire døme på at det meir spesialiserte sjukehuset har gitt tilbakemelding om at behandlingsresultatet kunne vore betre om pasienten hadde vert tilvist tidlegare. Pasientomboda meiner dette kan vere medverkande til at pasientane oftare enn før stiller spørsmål om kvalitet og kompetanse ved val av behandlingsstad.

## **Forslag til vedtak:**

Saka blir tatt til orientering